

Møtereferat Kommunedirektørutvalet

Tid/stad: Kommunehuset på Evjemoen 13.11.23

Til stades: Frantz Are Nilsen, Vidar Homme, Kåre Einar Larsen og Karina Sloth (ny leiar).

John Salve Sigridnes hadde meldt forfall.

Møta framover

Det vart konkludert med at me held fram med månadlege møte og heller avlyser om det ikkje er nok saker. Framleis måndagsmøte på Evje. Evje og Hornnes kommune held oss med lunsj. Karina opprettar eigen møteserie i outlook.

Årshjul

Einigkeit om at det må opprettast eit årshjul for kommunedirektørutvalet som tek omsyn til eigarstyring, samarbeidsnettverka våre (interne og eksterne) og regional møtekalender. Karina og Vidar lagar utkast til neste møte.

Sekretær/koordinator

Jf. tidlegare diskusjonar.

Det er behov for eigne ressursar til koordinering, innkalling, referatføring og fasilitering av arbeidet i utvalet.

To alternative løysingar vart skissert. Anten kan SIPR bidra med eigne administrative ressursar, elles må det frigjerast midlar til frikjøp av ressursen frå ein av kommunane.

Leiar i utvalet tek spørsmålet opp med styreleiar i SIPR.

Besök frå leiinga på UiA

Jf. eigen presentasjon. Den som mottek presentasjonen vidaresender til resten av utvalet.

KIKS – pilot (ekom)

Dag Auby Hagen, Kjell Pedersen Rise, Anders Snøløs Topland, Dag Haugland, Sten Reisænen møtte til denne saka.

Initiativet, med utspring i konferansen på Revsnes 23.10 vart drøfta, med slik konklusjon:

- Kjell Pedersen Rise vert engasjert til å utarbeide ei skisse til prosjektomtale som kan nyttast til å handsame og forankre prosjektet i SIPR (neste møte er 6.desember)
- Dag Auby Hagen og Sten bidreg i arbeidet med skissa.
- Fokus er breidd og samfunnsutvikling; beredskap, nærings- og distriktsutvikling.
- Prosjektomtalen må synleggjere ei kopling inn mot arbeidet med ROS Setesdal.
- Politisk eigarskap til prosjektet (SIPR), kommunedirektørane bør inn som styringsgruppe.
- Leiar i utvalet får fullmakt til å avtale nærmare vilkår og omfang for engasjementet med Kjell Pedersen Rise.

- Målet er å finansiere den regionale delen av prosjektet gjennom SIPR.

EKOM-portalen

Dag Auby Hagen, Kjell Pedersen Rise, Anders Snøløs Topland, Dag Haugland, Sten Reisænen møtte også til denne saka.

Topland orienterte.

Dette er ei lovpålagt oppgåve for kommunane. Informasjon vart gjeve til kommunedirektørutvalet i Setesdal i juni. Kontaktpersonar er spela inn frå kvar enkelt kommune. Workshop arrangert i september. 4 av 6 kommunar er logga på portalen. 1 av kommunane er i gong med å registrere bygg- og anleggsarbeid. Bygg- og anleggsarbeid kan registrerast manuelt.

Registreringane i ekom-portalen er eit viktig grunnlag også for ROS og KIKS-prosjektet.

NKOM (Topland) sender ut påminning til kontaktpersonane i kvar enkelt kommune med kommunedirektør på kopi.

Arkiv/museum – utgreiing av framtidig struktur

Vidar orienterte.

Tilrådinga frå prosjektgruppa er klar på nyåret. Det ligg føre tre hovudalternativ som vert vurderte opp mot dei førehandsdefinerte kritieria. Alternativa kan samanfattast som;

- Formalisert samarbeid
- Fagleg samanslåing
- Full samanslåing

Saka vart drøfta kort. Utvalet er klar på at det bør skje endringar i strukturen og tilpasse fagfelta til ny regional struktur (alternativ 2 eller 3).

Høyringar

Fleire høyringar er aktuelt å svare på for kommunane den nærmaste tida:

- Lov om offentlege anskaffingar. Frist 10.februar. Bykle kommune tek ansvaret for denne.
- Tiltak for eit meir forbrukarvenleg straummarknad - endringar i energilova. 3.januar. Ikkje avklart om nødvendig.
- Strømprisutvalget. 15.desember. Åseral kommune.
- Lavutslipp. Vegval for klimapolitikken. 30.januar. Evje og Hornnes kommune

Den enkelte kommunedirektør legg ut saksframlegg og høyringsutkast i teamsgruppa når dokumenta er ferdigstilte (og før politisk handsaming).

Samspel med KDU Agder

Diskusjonen om gjennomgåande representasjon i sentrale og regionale organ er teken i KDK tidlegare. Konklusjonen vart då at ein ikkje samordnar valet av regionale leiarar med val til styret i KDU Agder.

For å sikre bedre samordning mellom arbeidet her i Setesdal og i KDU Agder legg me opp til at agenda og protokoll i KDU Agder vert fast post på møta i årshjulet til KDU Setesdal. Regional representant er ansvarleg for å melde opp aktuelle saker til sakliste, eller ta det på e-post/teamsmøte i forkant. Dette gjeld også andre regionale organ.

Eigarmøte Å Energi AS

Oppfølging i etterkant av eigarmøtet den 20.11.

Vidar

Referent